

## **Kvinnedagen 2024 - Matt 15,21-28 - Johanneskirken**

*Så tok Jesus vegen til landet kring Tyros og Sidon. Då kom det ei kanaaneisk kvinne frå dette området og ropa: «Herre, du Davids son, miskunna deg over meg! Dotter mi er ille plaga av ei vond ånd.» Men han svara henne ikkje eit ord. Då gjekk læresveinane fram og bad han: «Bli ferdig med henne; ho går og ropar etter oss.» Men han svara: «Eg er ikkje send til andre enn dei bortkomne sauene i Israels hus.» Då kom ho og fall ned for han og sa: «Herre, hjelp meg!» Han svara: «Det er ikkje rett å ta brødet frå borna og kasta det til hundane.» «Det er sant, Herre», sa kvinna, «men hundane et då dei smulane som fell frå bordet til eigarane deira.» Då sa Jesus til henne: «Stor er trua di, kvinne. Det skal gå som du vil.» Og dottera vart frisk frå same stunda.*

*Slik lyder det heilage evangeliet.*

**Kjære medsystre**, hjarteleg til lukke med dagen!  
**Og kjære medmenneske** – takk for at vi får feire denne dagen saman her i kyrkja. Med ord, med musikk, i solidaritet og i bøn.  
Må det bli ein dag for tru og håp!

Kva risikerer ein ved å bevege seg inn i det ukjente?

Tenk på når du sjølv gjekk over grenser, inn til noko du ikkje visste heilt kva var – eller kven du kunne møte. Det kunne vere fysiske grenser, å reise til ein stad du ikkje hadde vore før.

Kanskje var det sosiale grenser – tre inn i fellesskap som var framande, treffe menneske du ikkje hadde møtt før, ta på deg oppgåver som var nye.

Var det kanskje dei grensene som enno ikkje er bygde ned; dei som i nokre delar av verda stengjer halve menneskeslekta ute på grunn av kjønn?

Eller var det grensene i deg sjølv du måtte forsere, dei som kan vere høge som murar og kanskje er det sterkaste forsvarsverket vi menneske har...

Møtte du deg sjølv? – møtte du farer? – støyte du kanskje på nokon som møtte deg med forventning, glede, eller var det med skepsis og frykt?

I feiringa av kvinnedagen her i kyrkja synes eg vi opplever forteljingar om å bevege seg over grenser – fordi vi er skapte til det, og fordi vi *skal* det.

Den vakre skildringa av Skapinga og ho som var med då verda vart til og dansa i Guds nærleik, er *trusstyrkande* og inspirerer . -

Forteljinga om ho som kjempa seg til tru og nåde ved bordet der ho egentleg ikkje skulle ha ein plass, er sår og vond – men også løfterik, fordi det er som om det opnar seg ei verd av tru og nåde når Jesus ser henne, og ser kven ho er.

Denne dagen, Kvinnedagen, er ein dag for å kjempe for at grenser skal byggast ned. – ikkje ein kamp berre *for* og *av* kvinner.

**Kvinnekamp** – det er noko som like mykje gjeld menn, for vi er no eingong sett til å leve her saman. Vi er fødde med like muligheter og ikkje så ulike evner. Men vi veit at for ein stor del av verdas kvinner er det ikkje slik enno, at vi har like muligheter.

I vårt samfunn har kvinnene rettar og muligheter på linje med menn. Men også hjå oss må vi framleis halde kampen for likestilling høgt. Og det betyr at **perspektivet** vårt også må vere å sjå ut over vårt eige samfunn, ut over våre grenser, men på same tid erkjenne at også i vårt samfunn er det skilnader i *løn*, *i arbeidsvilkår*, *i helse*, *i måten vi får utøve tru*.

I verda omkring oss er situasjonen enda verre. Dei som allereie var hardt råka av krigar, konfliktrar, som var på flukt, - dei har det vanskelegare no, våre medsysstre.

Kvinnekamp – det er noko ingen av oss bør halde opp med å føre før vi veit at menneskerettar ikkje blir halde tilbake pga kjønn, før vi erkjenner at like mykje som **likestilling**, er det **likeverdet** mellom menneske vi skal kjempe for.

Og det er *likeverd* det handlar om i evangelieteksten om den kananeiske kvinna og Jesus også. Det er to som møter kvarandre, som begge bevegar seg over i framandt og risikofylt terreng:

Ei kvinne som gjennom *trassig tru* let oss sjå det radikale og nyskapande i at tru og frelse ikkje er forbeholdt nokre få utvalde, og dermed utanfor rekkevidde for andre.

Og Jesus, som har lagt ut på vandringa som skal ta han opp til byen der han han veit kva som ventar.

I bokstaveleg og i overført betydning gjennom krevjande og ulendt terreng tek seg fram til den staden der han veit han skal døy.

Eg må innrøme at eg synes Jesus i møte med kvinna som bed om at han skal læke dotter hennar, er vel tøff med henne. Det er nesten slik at viss eg ikkje hadde visst betre, hadde eg tenkt at Jesus *gjer* skilnad, han *stengjer ute*, han strekker ikkje ut armane mot alle menneske, slik eg har lært sidan søndagsskulen at Jesus elsker alle barna og tek i mot oss akkurat slik som vi er.

Og det hjelper jo ikkje på denne kjensla at læresveinane hans er brå og ufine mot ho som til slutt må samanlikne seg sjølv med ein hund som tigg ved borda, for at Jesus gjev henne det ho bed så sterkt om.

Kvinna bed om hjelp til barnet sitt som er sjuk. – Det må vere den mest smertefulle bøna som finst, å be om hjelp for den ein elsker mest, den ein har bore ved brystet, det mennesket som ein gong er gjevne i eins

hender og er avhengig av oss. Ein blir så makteslaus når ein er redd og det er utanfor vår makt å kunne hjelpe.

I går såg vi biletet av dei uthungra barna på Gaza. Det gjer så vondt at det riv i hjarterøtene. - Når mødrene ikkje ein gong kan håpe på smulene som hundane får tak i ved bordet, men må finne mat til barna som rottene ikkje ein gong vil ha.

I dag er tårene våre hjå kvinnene i ruinar av menneskeliv og fortviling. Når deira kamp stilnar fordi kreftene er oppbrukte, er det vi som må kjempe den kampen. Vi må ty til det vi har av vilje, styrke og mot. Vi må det for menneskeverdets skuld.

Eg tenker at kvinna i evangelieforteljinga allereie har teke alle midlar i bruk, ho har gjort det som er i hennes makt for å få hjelp. **No** har ho gått over ei grense. For Jesus høyrer ikkje til hennes folk. Han er ein annan. Han treng ikkje å stanse opp ved ei kananeisk kvinne. Med stor rett kan han trekke seg unna, og sørgje for at det er til sine eigne han gjev det han er kome for. Men den brå, og kanskje vi også må seie den bryske Jesus, møter ei som har skjøna kven han er! At han er komen til alle! At det ikkje lenger skal vere eit eksklusivt privilegium for eit folk eller ei bestemt gruppe, eit kjønn, ei legning å høyre til, men at det er opna opp for alle menneske å tru. Og for alle menneske å få høyre til.

Det kan godt vere ei trassig tru. Kanskje er det det trua skal vere? *Trassig*, på tvers av det som kan synast sannsynleg. Kanskje er den ikkje alltid definert, heller. For mange av oss vil det vere enklare å seie *at* vi trur, enn å seie *kva* vi trur på. Og likevel kan *det* også opplevast som å krysse ei grense – å vedkjenne, å innrømme tru. At barrierer må byggjast ned, så noko anna kan byggjast opp; ein tillit, eit gudsforhold.

*Stor er trua di, seier Jesus til kvinna.*

Det eine ordet, *tru*, eit lite ord, men som kan bety så uendeleg mykje. For i ordet ligg meir enn tru. I ordet ligg også *håp*. Eg trur ikkje det går an å tru utan samstundes å håpe. Ikkje berre når vi trur på Gud, og kjenne håpet det gjev. Det same skjer når vi trur på andre menneske, og når vi kjenner at andre trur på oss - då ber *vi* også i oss håp, håp om kjærleik, håp om verd, håpet om ei betre verd. Tru avlar håp!

Denne dagen gjev håp. At vi er her, gjev håp. At vi skal få gå ut i verda med vissa om at verdet er gjeve oss og ta vår plass – det gjev håp. Kvinna trudde at Jesus kunne gjere dotter hennes frisk. Så bar ho også med seg håpet om ei framtid, - for seg sjølv og for den ho elska mest. Håpet gav ho livet attende. *Jesus* gav henne livet attende. På veg til sin eigen død, og det vi veit var vegen til *vår* frelse, gav han allereie håp om nytt liv til dei han møtte. Det lærer oss at Jesus også i dag er den som gjev tru og håp. Vi kan få tru, *på tvers og på trass*. Men vi har alltid del i håpet!

Ære til Den Treeinige Gud, vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar, som var og er og vera skal ein sann Gud frå Æve til æve. Amen.